



Dette teiknar til å bli eit positivt år for vegstellet i bygda. Det er før varsla at fylkesvegen frå Kapteinsgarden til Haugland skal asfalterast etter mange års nedsliting. Vegen vidare til Musland er i betre stand, men det skjer noko også med den.

IDet er neppe håp om at den skal bli breiare, men no om dagen er den under reparasjon for teleskade. Vinteren med etterfylgjande vår har ikkje vore nådig visse stader og vegkantane har glidd ut. Det har vorte de reine trafikkfeller og ikkje minst dei som køyrer skulebussar har vorte engstelege for ulukker og klaga. Og no blir det altså gjort noko med det. Biletet er teke ved Musland.

(Foto: Ola Matti Mathisen)